

Oppsummering frå kaffimøte 28.01.20:

Me starta møtet med ein runde attendemeldingar frå Hallingdalskonferansa. Litt blanda, men stort sett positive. Ynskje om meir innlegg frå andre bransjar enn reiseliv til neste gong.

Ordføraren orienterte om fylgjande:

- Sal av formålsbygg, dvs. Gol gamle skule og Øygdane barnehage. Målet er at dei blir lagt ut for sal i løpet av våren. Forhandlingar er på gang med grendalaga om sal av Rotneim og Åsgardane barnehage.
- Det er kome inn 8 søknader om tilskot frå næringsfondet. Behandling av desse skjer i møterunden i februar.
- Stilling som næringsutviklar 50% er no lyst ut med søknadsfrist 15 februar. Ein håpar å få til ei tilsetjing i mars.
- Planstrategi 2020-23 (planar som skal utarbeidast eller reviderast i denne 4 års perioda). Strategien skal behandlast av formannskapet i mars møterunden, deretter høyring og offentlig ettersyn med sluttbehandling i juni.

Visit Gol orienterte om fylgjande:

- Masterplan for sykkel
- Visit Gol sitt engasjement på Hyttemessa
- Generalforsamling 28.04.20
- Overskot i rekneskapet
- Startar arbeidet med planer og aktivitetar for sumaren 2020

Ting som kom opp:

- Initiativ vedrørande drivarar til butikkar/handel i sentrum med aktør
- Bankane og risiko/tiltak for nyetablerarar

Vel møtt til neste møte. 18.02.20! Same tid, same stad!